



Det kongelige Miljøverndep

Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

Saksh. – tlf.

Dato

2009/1935 - 16624/2009 Hans Jacob Roald - 56326400

03.09.2009

Uttale til framlegg til statleg planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona

Fjell kommune har motteke framlegg til statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø ved brev frå Miljøverndepartementet datert 29 juni 2009.

Brevet syner til at det som følgje av ny planlov skal utarbeidast statlege retningslinjer for ein differensiert strandsonopolitikk. Departementet har løyst dette ved å fremje to sett retningslinjer, ei for kommunar med mindre press på strandsona, generelle retningslinjer, og ei der presset er stort. For kommunane der presset er stort er framlegget frå departementet å bruke dei retningslinjene som allereie er i bruk for Oslofjordregionen. Fjell kommune kjem i framlegget inn under sistnemnte kategori. Departementet ber partane i høyringa om ei tilbakemelding på om kommunen og strandsona er utsett for byggepress og om framlegg til retningslinjer.

Generelt seier retningslinjene at 100-metersbeltet er av nasjonal interesse, at forbod om bygging skal praktiserast strengt og at ein skal unngå dispensasjonar i område der presset er stort. I arbeidet med kommuneplanen skal strandsona vurderast heilskapleg og langsiktig. For nye tiltak bør det krevjast reguleringsplan. Nye bygg skal trekkjast så langt bort frå sjøen som mogleg, likeeins utviding av eksisterande bygg. Det skal leggjast vekt på løysingar som vil

betre den eksisterande situasjonen. Dette tyder og å revidere eldre ikkje gjennomførde planar når høvet byr seg.

For områda som er under sterkt press seier framlegg til retningsliner mellom anna at oppføring av nye bygg som hovudregel bør skje i tilknytning til eksisterande tettstadar, at ein bør leggje vekt på samanhengjande grønstrukturar i nærmiljøet, at ein bør leggja vekt på langsiktig forvaltning, at bygging som vil redusere natur- og kulturmiljøet og rekreasjon ikkje bør finne stad og at oppføring av nye og utviding av eksisterande fritidshus ikkje bør tillatast.

For områda med mindre press vil det vere noko enklare å inkludere strandsona i utviklingsplanar gjennom arbeidet med kommuneplanen. Her skal ein leggja vekt på behov for næringsutvikling, arbeidsplassar og satsing på reiseliv og turisme. Eventuell bygging i strandsona skal uansett vurderast i kommuneplanen, vere gjenstand for plankrav og skje mest mogleg konsentrert og i område som er utbygd frå før slik at friluftssinteressene ikkje vert råka.

Fjell kommune er ein vekstkommune på Vestlandet der veksten i all hovudsak er basert på maritime aktivitetar. Soleis er viktige delar av kommunen sitt næringsliv mellom anna knytt til fiskeriverksemd og oppdrett, og ein har den største forsyningsbasen for oljeverksemda i Nordsjøen i kommunen. Kommunen er også av regjeringa peika som nasjonalt Centre of Expertice knytt til undervasssteknologi. Her er det ikkje berre rekreasjon som er av nasjonal verdi, men og verdiskaping. Det seier seg sjølv at strandsona av mange grunnar har stor verdi og er under press, men at press ikkje berre vert oppfatta som negativt.

Noreg er først og fremst eit kystland, og det er kysten som tradisjonelt har vore og vil vere grunnlaget for verdiskaping. Samstundes er kystlina viktig for rekreasjon for den einskilde og for ålmenta. Kysten er og prega av eit særst stort mangfald. Fjell kommune si haldning er at retningslinene i alt for liten grad legg vekt på næringsinteressene og på kystkulturen i fortid, notid og framtid. Det at satsing på næringsliv, arbeidsplassar, reiseliv og turisme berre er nemnt under kommunar med mindre press og ikkje under kommunar med press er for Fjell kommune skremmande. Slikt press er positivt for kyst- og vekstkommunen Fjell og for regionen.

Fjell kommune er samd i at ein må leggja vekt på ei differensiert forvaltning av strandsona. Å dele retningslinene i to bolkar vert for enkelt. Å la Oslo regionen danne mal for store delar av landet, like eins. Det vert synt til nasjonale verdiar og med Oslo regionen som døme. Dei største verdiane langs kysten er lokale og internasjonale.

Fjell kommune har for sin del laga ein kommuneplan i tett dialog med regionale styresmakter. Planen er særns nyansert i det den lanserer ei funksjonell strandsone og ei 25-meters strandsone i enkelte område. Å oppretthalde ei 100-meters sone i tillegg er meiningslaust og set offentleg forvaltning i vanry. Sjølv om det ikkje er tema i høyringa er ei tilbakemelding at der kommunen innfører godt dokumenterte funksjonelle strandsoner i juridisk bindande plan, skal 100-meters beltet gå ut.

Fjell kommune er heilt klar på at ein ikkje er tent med eit "stivbeint" og lite fleksibelt 100m-belte, men at fleksibilitet er eit stikkord i forvaltninga av dei verdiane strandsona representerar. Ein må satsa på ei differensiert forvaltning der ein kan nytte dei delane av sona som er eigna til næringsføremål til nettopp det. Likeins må ein kunne bruke dei delane som er eigna til rekreasjon, ymse former for vern, turisme m.v nettopp til det. Fjell kommune ville vore meir nøgd om sentrale styresmakter la til rette for ei slik forvaltning, og t.d utvikla økonomiske stønadsordningar som gjorde det mogleg for kommunen å sikra dei mest verneverdige delane av strandsona gjennom grunnnerverv eller andre positive tiltak.

Vi ser ikkje behov for to sett retningsliner. Dersom departementet likevel opprettheld dette, ber vi om at Fjell kommune vert plassert i kategorien generelle retningsliner, og ikkje i dei retningslinene som er i bruk for Oslofjordregionen.


Vår røynsle er at ei differensiert forvaltning best er tent med lokal kunnskap og engasjement. For handheving av einkvar plan er det viktig at den er kommunen sin plan og ikkje staten sin plan. Vårt syn er difor at det gjerne kan vere eit sett nasjonale retningsliner, men desse må som nemnt i større grad ta inn over seg kor viktig verdiskapinga er for Kyst-Noreg. Det generelle 100-meters kravet må bort når det er erstatta av ei reell differensiering i kommuneplanen sin arealdel. I tillegg kan ein laga regionale retningsliner for områder med eins utfordringar og natur geografi.

Fjell kommune vil til slutt kommentera måten denne høyringa går føre seg på.

Høyringsbrevet er sendt ut heilt i slutten av juni 2009, og vart motteke her 3. juli, altså i starten av ferien. Det meste av høyringsperioden har vore i ferien, og uttalefristen er sett så tidleg i haustsesjonen at det ikkje har vore mogleg med ein grundig politisk prosess.

Ordføraren har difor måtta handsama saka som ei hastesak, der ein berre har hatt høve til ei kort drøfting i formannskapet. Sjølv om ein ser at dette kan vere samsvarande med arbeidsrytmen i departementet, så er det ikkje på nokon måte samsvarande med korleis ein arbeidar i kommunane, som er dei viktigaste instansane i høyringa.

Med helsing



Lars Lie
ordførar